

Dagbok frå livet på husmannsplassar i Medalen

Anders Johnsen (1851–1938) var son til Jon Amundsen Brimskjellen og Embjørg Andersdotter Sæterdalens husmenn i Vårdalen. Anders etterlot seg ei dagbok om korleis livet arta seg på stadig leit etter eit betre liv for seg og familien på forskjellige husmannsbruk i Medalen.

Anders vart gift med Marit Olsd. Visvollen, dotter til Ole Nilson Slettvolden og Kari Erlandsdatter som budde på Visvollen, husmannsplass under Hoft. Marit hadde seks syskjen. Eldste bror, Rolv [f. 1852], var gift med Marit Slette og far til Jørgine Boomer.

Eit flakkande husmannsliv

Frå ein oppvekst på Brimskjellen i Garmo, gjekk vegen til eit flakkande husmannsliv i Medalen.

I 1875 budde familien til Anders på Aasen under Røisheim. Han er der ført opp som inderst, bygningstømrer og dagarbeider.

I 1890 hadde familien fløtt til Søre Øyjordet under Sygard Gaupar. Anders var da 39 år og det var kome til fire born i familien. Dei budde saman i ei stugu med to rom.

I 1898 hadde familien flytta vidare til Engjom under Glømsdal. Engjom låg oppe ved Hovdeseterene, heilt til fjells.

Frå Engjom fløtte familien vidare til Visvollen, der kona Marit voks opp. I år 1900 er dei husmenn på Sulheimssanden under nedre Sulheim.



I fylge folketeljinga for 1900 skriv han seg no som Anders Johns Øyjordet. På Sulheimssanden var sönene Ole [f. 1890] og tvillingane Amund og Hans [f. 1894] att i Lom. Dessutan budde dagarbeidar Hans Taarud og skomakarsvenn Knud Hansen Taarud på husmannsbruket Sulheimssanden i 1900.

Reiste til Amerika

Eldsteson John reist til Amerika i 1893. Dei fem andre syskjena reiste alle etter John til Adler Township i Nelson County i Nord-Dakota så fort dei vart vaksne. Der busette forøvrig ei rekke andre fra Bøverdalens og Medalen seg også rundt århundreskiftet.

Dei hadde ikkje enkle kår på den tida som skulle hyse, brødfø og ikkje minst setje neste generasjon best mogleg i stand til å gå det vaksne livet i møte. Det måtte ha vore eit svare strev.

Til slutt enda familien til Anders opp i Prest-Kroken som husmenn under prestgarden. Anders budde i Prest-Kroken heilt fram til han gjekk bort i 1938. Da hadde han budd der einsleg det siste året.

Skreiv dagbok

Anders etterlot seg dagbok som fortel om korleis livet arta seg på denne ferda. Her har han gjort hyppige notat frå 1886 og fram til 1899. Det meste av det han har notert går på korleis været var og kor vanskeleg det var å få endane til å møtast. I tillegg var det nemnt fleire tragiske ting som hende i bygda som ikkje er tekne med her.

På framsida av dagboka skriv Anders: Aars Dagbog fra Aaret 1886 om Ualmindeligt Veir o.s.v. for Anders Johnsen født den 12de Januar 1851. Gift den 7de Juni Aar 1872.

1886 og 1887 fra den 7de Juni var det koldt veir snogtander og koldvin et fjortendages Tid den 22de i d.s. Reiste til Sæteren og siden bare koldt den 7de Juli om Natten frøs Pottet Graset bordt siden kold helle Juli Maane i Augustmaaned var det meget regn saa det var en daarlig inhøsning paa Høiet begyndte lidt med Skulen den 25 eller 29 August i September var det et heldt 14 dages Tid med Regn fra den 1de Siden vin og God Tørk den 24 i d. n. s. Skar dem af det siste. God Tørk begynder Oktoper med den 7de Oktoper da frøs det ned siden Koldt men ikke sne føren 27de November da kom den 2. 1/2 Kvartd Tyk den 30de kom det ogsaa meget sne den 2 og 3 Desember Regner det ualmindeligt det gik Skrider magesteds

Aaret 1886 Var det en kold Sommer haard vaar vaarøiene begyndes 12de Mai Reiser til Sætern den 25de Juni Slaaes Sæteren den 16de August da havde os Stri Vin den 20. Skulon den 1. September. 4 Fredager etter hinanden med Strivin den 14de September kom der Sne saa meget



Lunna i Øvergrenda i Medalen, husmannsbruk under Hoft fram til rundt århundreskiftet. Familien til Anders Johnsen fløtte frå bruk til bruk i Medalen på stadig leit etter eit betre liv for familien.

at Treverne var næsten juletre den 16 begynte de at Skar lidt 17 Klarnede 18 om Naten frøs det bordt men det var ikke saa meget ijen 23. 24. 25. de var det Klardt og koldt, Det var en stor God høst det var næsten ikke sne føren den 3de Desember siden klardt koldt til midten i Januar den 21de var det ualmindeligt til Tøir siden stor Holdt det paa med Tøir et heldt 14 dage saa begynte det med Tøir den 22de Februar siden var det berdt til den 25de mars siden lidt sne men en kold og haard vaar men ikke sne begyndte med Vaarøin den 9de mai og saade det sisde den 18de den 26de Reiste Jo til Amerike da var det meget varmt veir og God havn



"Husmannsplassen ved Sulheim i 1915".
Foto: Johan Joachim Meyer / Norsk Folkemuseum. Inventarnr. NF.25986-2604
digitalmuseum.no

Aar 1888 Nytaarsdagen begyndes med gaadt veir den 8de begyndes med Tøir fra sist i Januar til Mars sind udgang var det koldt veir Riktig ualminneligt 3 dage først i Mars med snedrev siden koldt ualminneligt haardt fortid vorønden begynder den 15de saade Rug den 26de saade det sidste den 2de Juni Hele Juni maaned var det varmt veir den 23de saa vi i Rugaxet Juli Maaned var det varmt ikke Regn før den 24de i August var det meget Regn det var ikke vandet fra den 24de Juli begynder med Skurønen den 3de September og holdt paa til den 27de September var tør ualminnelig god inhøstning paa Kornet Nogenlunde god Høst i mitten i November kom det meget Sne det var bestemt et brylup ved Galde den 13de men Prosten kom ikje fram saa var det bestemt til den 27de da gik det Lige saa det var Kristen og Torø Lilleødegården.

Aar 1889 det var en Mild vinter og en god vaar det grøner i 14 dage paa Sommeren begynder med vaarøinen den 9de Mai, ualminneligt gaadt veir. Jeg hørde gauken den 10. Mai det var i Laupsprætingen det blev fulvaxen i Maimaaned Mai Juni lige til den 7de Juli var det ualminneligt varmt da fôrdst kom det Regn Bygaxet var fuldt udkommet den 24de Juni

Slaadtønen begynder den 8de Juli da begynder det med Regn og Holdt paa til den 28de Juli dda var det Tørk en uge. August Maaned var ualminnelig God god indhøstning paa Grøet det var afskaaret til den siste August ualminnelig God Høst Jorden var Tien til den 23de November men Godt Føre i Julen

Aaret 1890 var en God Vinter men blev fortligt forlauken 25/3 Saa blev det en kaald vaar vaarøinen begyndte den 6de Mai mai var god llige til den 25de Siden var det meget Regn og Koldt baade Juni Juli det var en uge i August som var varm i



Husmannsplassen Stein slik Adolph Tidemand teikna staden i 1843.
Foto: Nasjonalmuseet. Inventarnr. NG.K&H.B.04547-030 digitalmuseum.no

Skuløien begyndte den 25de August og ænte den 20de September det første av Grøet var god tørk paa men det siste var daarligere 4de Okttober var sneen 4 tomer da safte vi Træverne den 6de var sneen 14 tomer Tyk den 10de blev det bardt ijen Det var en God Høst den 23de November begynte det med Kaldt det sirkuler ved 20 Graders Kulde den Uge saa blev det en God Tøir Saa begynte det med Kaaldt og haalt ved til den 10de Januar det Sirkulerer ved 20 Grader

Aaret 1891: I 1891 var det et stordt Aar en Krone pr vaag Høi 40 øre pr vaag Halm men det var en Kold vinter og en Haardt vaar Mai maane var ualmindeligt haart veir det var saa vidt Løvet sprat i mai maaned vaarøien begynte den 12de Mai og den 26de var vi færdige mæd den det var ikke en God dag før den 21de Juni siden var det varmt Regn kom det ikke før Slaatøien begynder Skurøien begynte midten i August maned Det blev indhøstet til den 27de September den 20de Septembervar Lars Torekveen ved Galde og Prædikerte det var en god høst om vinteren var det lidt sne men stadigt veir og gaadt føre

I 1892: var det gaadt veir tidligt blev barjord sistimars maaned Aprilmaaned var god men Mai var kold det var saavidt lauvet spratt i mai Vaarøien begynter um 12de Mai og endte 30de den vaar Reiste det mange til Amerika omkring 40 menesker i Bæverdalens det var en kold sommer men et midels Aar det regner fra først i August til midten i September omframtil til vær dag og siden gang om gang siste høiet og grøet var dårlig intørk

I Aaret 1893 Det var en stø vinterlige til i Marsmaaned da kom det meget sne det gik sneskred der som ikke har gaadt før som faalk mindest Natten imellem den 13de a 14de Mars gik sneskred ved Gauper og andre steder ogsaa den 15de i samme reiste John til Amerika det var en alminnelig vaar og god somer et fjorten dages Regn da slådten begynder et gaadt og midels aar god Høst.

Aaret 1894: fra midten i Januar maaned og til midten i Mars var det ualmindeligt til veir og sne den 8de Februar gik sneskred paa Gauper den vinteren var det ikke vei længre eller til Gaakra men tidligt bardt og godt veir det grønte i April det blev en god sommer og et gaadt Aar.

Aaret 1895 det var en stø vinter lidet sne ualmindeligt Kaaldt i Januar maaned var det meget af rypen men en god vaar Lauvet spradt miten i Mai maaned Juni maaned var kaald vaarøinen begynter um 13de Mai det var en vaad sommer det var ike vandet det var bare dårlig indhøsning paa høiet men paa grøet var det god indhøstning paa konfirmationsdagen bleiv det både en jente og en hæst under Glimsdals Ælven var ike stor det var en tør høst det kom en del sne først i Desember og strags før Jul og i jul var det kaaldt

Aaret 1896 var en god vaar og et udmærket gaadt Aar ... det var ike sne før i Julen og siden var det en stø vinter

I Aaret 1897 var en haard vaar det var nogle varme dage sist i mai og først i Juni

siden var det Kaaldt lige til midtsommer dag da var det varmt lige til den 8ende August da regner det en uge det var mange som led af mangel faar van lidet høi det var første Aaret jeg var paa Engum jeg saade det siste den 3 Juni den 29de mai var det stor flaam ualmindeligt Juva var saa skrækkelig det var ike noget saadant Glaamen var skrekkelig stor den tog bort 3 af bruerne og lige til øvre fjøset og tog bordt meget den uværen den 8de September reiste Kari til Amerika Daarlig indhøsning og lide paa jorden.

i Aaret 1898 var ike føre før Sist i Februar maaned det var en haard vaar det var mange steder Kreaturerne Svaldt næir ijæl det var ike for at faa men det var at faa 15 kr vaag/røi 80 øre halm/vaag Jeg saade det Siste den 8de Juni på Engum.

I Aaret 1899 flyter jeg paa Stigen den vinteren var meget sne og en haard vaar den 18de mai begyndte de vaarøinen det var saa vidt at lauvet spradt til den 1.Juni paa varmeste flækene miten i Juni begynte med varmt veir ualmindeligt varmt i 5 uger lidt kjøligt veir i en maaneds thid varmt og tørt hele tiden det var lidt regn 3 gange hele sommeren lige til den 1de September den 18.mai begynte vaarøinen og miten i August begynte de og skurøinen.

Kjelder: dagbok og foto i privat eige. Det var skrive om Anders Johnsen i Heim og Bygd 2005, der om livet i Prest-Kroken.



Frå Bakkom, husmannsbruk under Sygard Gaupar fram til århundreskillet. Eldhus, tørrstugu og stabbur.

Om oppveksten i Medalen

Ola Andersen (f. 1890) fortalte i 1952 til Gudbjørg Knudsen om barndomen sin på husmannsplassane i Medalen:

¶¶ Eg er fødd i 1890 på Søregard Øyjordet som den gongen var husmannsbruk under Søregard Gaupar. Eg var og såg på tomta der eit år. Men ikkje skørnar eg korleis vi hadde plass der. Eg var tie år da den store snøskrea gjekk og tok med seg Søregard Gaupar. Eg hugsar at folk hua og skreik og at ein mann sprang i veg med ei jernskodd tresko. Kva han skulle med den har eg ofte tenkt på sidan.

¶¶ Det var mykje folk inne hjå oss, særleg om vinteren. Da var sæteriegarane på Visdalens inne og kvilde og åt når dei køyrd heim sæterføret. Eg hugsar at det var mange som steikte seg flesk. Eg veit ikkje kor lenge vi var på denne staden. Men da eg var åtte år fløtta vi til Engjom, som var husmannsbruk under nedrestugu Glimsdal. Engjom låg inn til Hovdesætrene så det var nesten til fjells. Pliktarbeidet, som far måtte gå for det bruket, var å gå når husbonden kalla på han. Men eg hugsar at far dreiv mykje på slakting om haustane, så det vart da tid til anna enn pliktarbeid og.

¶¶ Vi hadde ku og nokre sauer der. Stova var berre eit rom. Men det var ei lita stove til med eit rom. Men den kunne brukast berre om sumaren. Inn under den eine den var det aurbu var anten mura av gråstein eller gravde inn i jordbakken. Det var ikkje golv, berre fin sand eller aur som det og vart kalla. I aurbu vart mjølk, heimbryggja øl og forskjellige matvarer oppbevara om sumaren. For der inne var det alltid kaldt. Så var det eit lite mura fjøs og ein låve. Ved fekk vi ta i skogen på Glimsdal.

¶¶ Far gjekk mykje i fjellet etter rypa om vinteren. Særleg da i Lauvhøa i Visdalens. Han gjekk først etter rupa så lenge som det var skotljos. Så hadde han med seg kjeske som han leste på ved og tok med seg heim. Han kom aldri heim før etter det var myrkt. Da kunne han ha skote ein fem-seks ruper som han fekk 40 øre stykket for. Og det tykte han gjorde stor mun til å mette alle dei svoltne munnane med.



Familien til Anders og Marit. Frå venstre: Anders, Ola, Rønnaug, Amund, Marit og Hans. Tvillingane Amund og Hans var fødd i 1894. Bildet er det teke rett etter århundreskiftet, da familien hadde fløtt frå Engjum til Sulheimssanden. Familien til Anders Kroken eig fotografiet.

¶¶ Eg gjekk på skule i Røysheimskula. Eg gjekk frå heime før det var ljost om morgonen og kom heim att lenge etter det var mørkt. Det var ingen veg, berre ein smal stig. Læraren heitte Syver Marstein. Frå Engjom kom vi til Visvollen, husmannsbruk under Hoft. Der òg hadde vi ei ku. Far fløtta ofte for han trudde kvar gong at han skulle få betre vilkår. Eg hugsar svært lite av korleis alt var der. Plikta veit eg heller ikkje. Men eg veit nå det at kom husbonden og ville ha far ein dag, var det sjølv sagt at han måtte gå same kva anna han gjorde eller hadde tenkt å gjera den dagen. Eg veit eg var med mor borte og skar. Da hadde vi 7 øre trevan. Da eg var 13 år var eg på Sørijord Gaupar og skar 20 treva. For det fekk eg ein nyfødd gris. Grisen voksnå og vart stor. Så den gongen tykte eg at eg gjorde det svært godt.

¶¶ Da eg var 11-12 år var eg ein sumar og gjætte grisar i Sulheimsøya for oppigard Sulheim. Da hadde eg det godt. Eg fekk med meg mykje god mat, og gjekk der og rusla med grisene og passa dei så dei ikkje kom på vegen. Eg fekk eit par nye sko og kjøtet av ei gammal geit for arbeidet. Det var slaktet vi hadde den hausten. Eg fiska og var inne i Sulheimsøyene hjå nokre gamle folk som budde der og kokte fisk. Det hende òg at det for turistar som eg prata med. Ein dag kom han Kristian Vole på sykkel. Det var fyrste

gongen eg såg ein sykkel. Han var nok nesten slik som ein sykkel er nå.

¶¶ Ein vår var eg hjå han Mathias Øyjordet og var maskinhund når han sådde korn. Eg måtte gå etter og halda i maskina og halde rusk og rask frå pipene slit at kornet gjekk gjennom. Såmaskina var ei av dei gamle Loms-såmaskinene gjort av han Ola Bræk frå Bråtå i Skjåk. Eg trur det var maten eg fekk for det arbeidet. Eg hugsar særleg ei natt vi helt på lenge. Da klokka var 1-2 om natta tykte han vist at vi vart druge i åkeren han Mathias og. Vi har natta for oss, sa eg. Og såleis var det vi helt på mest heile natta. Den sumaren eg gjekk og las var eg skyssgut hjå sokneprest Børresen. Eg fekk 20 kroner for den sumaren.

¶¶ Da eg var 18 år reiste eg til Amerika. Eg meinte at det var betre tider der. Tre av systemene mine og ein bror var reiste før. Den eine syster mi var heime att ein tur og eg vart med henne. Vi var og i fylgle med Mathias Haugen. Johan Larsen køyrd oss med hest til Otta. Han skulle ha ferdalass oppover att. Billetten frå Oslo til Nord-Dakota kostar den gongen 320 kroner. Eg var i Amerika i ni år. Men i 1914, da mor var død, skulle eg reise heim att og hente far. Men krigen gjorde at eg ikkje kom til å reise over att.